

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: tysdag 11. november 2014
Tid: kl. 18.00
Sted: Kårstørommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: tha.kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunens nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er kalla inn til å orientere i sak 21/14 om saker innanfor teknisk og om budsjett-framlegg i sak 22/14.

Sakliste:

- 20/14 Godkjenning av protokoll frå møte 09.09.14
- 21/14 Referat- og orienteringssaker 11.11.14
- 22/14 Budsjett/økonomiplan 2015-2018 - rådmannen sitt framlegg
- 23/14 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015
- 24/14 Møteplan 2015 for kontrollutvalet

Eventuelt

Aksdal, 04.11.14

Jakob Alstveit
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/innkallast)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.11.14	20/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.09.14

Vedlegg: Protokoll 09.09.14

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.09.14 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 09.09 14 blir godkjent slik den ligg føre.

Aksdal, 04.11.14



Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 9. september 2014 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiding av utvalsleiar Jakob Alstveit.

MØTESTAD:	Cleang Peerson-rommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 21.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Jakob Alstveit (Sp), Gunnar Egge (V), Randi I. Rettedal (Frp) og Tormod Førland (H)
FORFALL:	Laila R. Nemeth (A)
MØTANDE VARAMEDLEM	Hanna Marit Molland (1. varamedlem)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS, Haugesund
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Arvid S. Vallestad og økonomisjef Tor Leif Helgesen i sak 17/14 og 18/14 og Evt.
MERKNADER TIL INNKALLING	Førland etterlyste betre lesetilgang på Ipad.
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Utvalet vedtok å handsame sakene 17 og 18/14 og Eventuelt fyrst. Tre tema blei varsla under Eventuelt.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.05.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 27.05.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 27.05.14 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.09.14

- 24. Statusrapport pr. august 2014
- 25. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
- 26. Førebels rapport - tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap
- 27. KS sitt brev til kommunane – vedk. det vidare arbeid med ein kommunereform

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

- 26. Rapporten viser at kommunen er utfordra på tre forhold: 1) vertskommune for Kårstø, 2) manglar godkjent ROS-analyse og 3) planen er ikkje bygd på ROS. Utvalet ønskte tilbakemelding om kva som vil bli gjort, dvs. kommunen sitt svarbrev om lukking av avvik.
- 27. Det er nå ein pågåande prosess med å skaffe mandat for ei utgreiing om kommunesamanslåing. Haugaland Vekst IKS er tildelt oppgåva med å styre prosessen. Våren 2016 skal det fattast vedtak i kommunane og hausten 2017 i Stortinget. Dette er ei sak som engasjerer og som vil ha fokus i åra framover.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14:

Kontrollutvalet tar referatsakene 24-27 til orientering.

SAK 12/14 REGLEMENTET TIL KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Tysvær kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.

Innleiinga til kapittel 6 og kapittel om 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Tysvær kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.

Innleiinga til kapittel 6 og kapittel om 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

SAK 13/14 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2014

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde egenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

SAK 14/14 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2014 – (Ikkje off., jf offl § 24/kom.l § 31 nr 5)

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2014 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Planen blei delt ut i møtet. Revisor gjekk igjennom planen via projektor. Han nemnde spesielt erfaringane frå fjorårets revisjon og fokusområda i årets revisjon. Utvalet ønskte også planen tilsendt på e-post. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14:

Tysvær kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2014 til orientering.

SAK 15/14 BUDSJETT 2015 – KONTROLL OG TILSYN - UTVALET SI INNSTILLING

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2015 vert på i alt **kr 670.000 eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	74.000
Kjøp av sekretærtjenester	kr	170.000
Kjøp av revisjonstjenester	kr	426.000

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for oppsettet. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2015 vert på i alt kr 670.000 eks mva fordelt på følgjande:

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>74.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester</i>	<i>kr</i>	<i>170.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester</i>	<i>kr</i>	<i>426.000</i>

SAK 16/14 REVISJONSAVTALEN – BRUKAV OPSJON TIL 30.6.16

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjons-selskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Tysvær kommune i perioden 01.07.15–30.06.16.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknad til bruk av opsjon.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjons-selskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Tysvær kommune i perioden 01.07.15–30.06.16.

SAK 17/14 TILSVAR – REVISJONSBREV NR 2 OM ÅRSREKNESKAPET 2013 - OPPFØLGING AV REVISOR SINE MERKNADER

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Tysvær tar rådmannen sitt tilsvaer på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Økonomisjef gikk igjennom sine kommentaar/tilsvaer til revisors merknader. Møtet med revisjonen i juni hadde vore nyttig og det var avtalt nytt møte no i september. Betre dokumentasjon, som var etterlyst, vil bli etterkomma. Han ville ta kontakt med Karmøy kommune for samarbeid om felles framstøyt mot Skatt Vest når det gjaldt å få ei avklaring vedk. moms-kompensasjon på drifta.

Utvalet kommenterte og ønskte tilbakemelding når det låg føre ei avklaring. Dette ville dei ha med i vedtaket.

For investeringsbudsjettet vert det jobba med å lage enkle rutinar for rebudsjettering. Økonomisjefen meinte skulle vere mogeleg å lage oversikt over dei investeringar som er vedtatt, men som ikkje er sett i gong.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14:

Kontrollutvalet i Tysvær tar rådmannen sitt tilsvaer på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2013 til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding om utviklinga for ei avklaring med Skatt Vest om momskompensasjon.

SAK 18/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT -«BUDSJETT- OG ØKONOMISTYRING I TYSVÆR KOMMUNE»

Sekretariatet si innstilling:

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Budsjett- og økonomistyring – Tysvær kommune 2014» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, som:
 - å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid,
 - å etablere meir formaliserte og etterprøvbare rapporteringsrutinar for månadsrapportering.
 - med å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva.
 - å utarbeide ein felles definisjon/norm på kva som er eit avvik, og deretter kommunisere dette ut til alle som har eit økonomiansvar,
 - i større grad prioriterer avvikshandtering og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månadar etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Revisor orienterte om rapporten. Han gjekk igjennom bakgrunn, mandat, formål, hovudfunn og revisor sine vurderingar og tilrådingar. Utvalet kom med spørsmål og kommentarar.

Rådmannen og økonomisjef kommenterte revisors funn og tilrådingar. Økonomiavdelinga har i dag ei betre organisering. Dei følte det var større økonomisk medvit no ute i tenesteområda. Bruttotall viser betre aktivitet, men dei vil jobba med betre realistiske budsjett på postnivå. Frå mai 2015 vil det bli etablert Tildelingskontor, som vil vere dei som gjer tildelingar/fattar enkeltvedtak, som vil truleg gje betre styring.

Frå utvalet si side blei det sett fram ønskje om meir tal enn kommentarar i økonomi-rapportane. Utvalet brukte tid på å drøfte kva som skulle låg i omgrepet «avvik». Utvalet var nøgd med rapporten, bår når gjaldt innhald og at den var lett å lese.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.14 og innstilling til kommunestyret:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Budsjett- og økonomistyring – Tysvær kommune 2014» og tek denne til orientering.*

Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, som:

- *å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid,*
 - *å etablere meir formaliserte og etterprøvbare rapporteringsrutinar for månadsrapportering.*
 - *med å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva.*
 - *å utarbeide ein felles definisjon/norm på kva som er eit avvik, og deretter kommunisere dette ut til alle som har eit økonomiansvar,*
 - *i større grad prioriterer avvikshandtering og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månadar etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 19/14 INVITASJON – SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSPARK AS - PROSJEKTPLAN

Sekretariatet si innstilling:

1. Tysvær kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).
2. Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet.
3. Tysvær kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timestfordeling og gjennomføring av prosjektet.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for invitasjonen og problemstillingane. Utvalet slutta seg til innstillinga. Utvalet etterlyste igjen ei eigarskapsmelding for Tysvær kommune og ein eigarstrategi.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14:

Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, som:

- *å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid,*
 - *å etablere meir formaliserte og etterprøvbare rapporteringsrutinar for månadsrapportering.*
 - *med å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva.*
 - *å utarbeide ein felles definisjon/norm på kva som er eit avvik, og deretter kommunisere dette ut til alle som har eit økonomiansvar,*
 - *i større grad prioriterer avvikshandtering og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månadar etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 19/14 INVITASJON – SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSPARK AS - PROSJEKTPLAN

Sekretariatet si innstilling:

1. Tysvær kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).
2. Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet.
3. Tysvær kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timestfordeling og gjennomføring av prosjektet.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for invitasjonen og problemstillingane. Utvalet slutta seg til innstillinga. Utvalet etterlyste igjen ei eigarskapsmelding for Tysvær kommune og ein eigarstrategi.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.14:

1. *Tysvær kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS.*
2. *Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet.*
3. *Tysvær kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timefordeling og gjennomføring av prosjektet.*

EVENTUELT

Prosjekt «Kommunale avgifter»

Tormod Førland etterlyste informasjon om kva som har skjedd sidan teknisk sjef Ørpetveit orienterte utvalet i september i fjor. Rådmannen opplyste at teknisk sjef Bjørn Bruaset er blitt bedt om å førebu ei orientering om status til møte i november.

Budsjettsprekk i byggeprosjekt

Tormod Førland ønske ei orientering om kvifor det er så store budsjettsprekk på byggeprosjekt i kommunen. Han viste til prosjekt som Førresdalen barnehage og gang- og sykkelvegen Grinde/Søvik. Han ønske at kontrollutvalet fekk lagt fram referat frå byggemøta.

Rådmannen viste til at teknisk utval er lova ei tilbakemelding og at denne vil også vere relevant for kontrollutvalet. Då administrasjonen treng litt tid til å gjennomgå saka administrativt vil tilbakemeldinga fyrst vere klar til november.

Elektronisk handel


Utvalsleiar meinte det var laga ein rapport kalla « Forprosjekt om innføring av e-handel » og ønske ei orientering om kor langt kommunen var komen innan for dette feltet. Økonomi-sjefen stadfesta at økonomiavdelinga hadde laga eit notat. Notatet ville fyrst bli handsama i rådmannsgruppa, for så å bli omtala i budsjettframlegg for 2015. Det vert sikta på inter-kommunalt samarbeid og investeringar i ny programvare skal dekkast ved innsparringar.

Neste møte

Dato er sett til tysdag **11. november**. Møteplan for 2015 og rådmannen sine orienteringar vil vere blant sakene.

Aksdal, 9. september 2014

Jakob Alstveit (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.11.14	21/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.11.14

Vedlegg:

28. Orientering om **jordlova** v/ teknisk sjef Bjørn Bruaset
29. Orientering om status for «Prosjekt **kommunale avgifter**» v/teknisk sjef
30. Orientering om **budsjettsprekk i byggeprosjekt** v/teknisk sjef
31. Statusoversikt pr. november 2014
32. Presseklipp – Haugesunds Avis 15.10.14 – selskapskontroll av Haugaland Kraft AS
33. Komm.styrevedtak 28.10.14, sak 50/14 – Revisjonsavtale – bruk av opsjon
34. Komm.styrevedtak 28.10.14, sak 71/14 – Forvaltn..rapport – budsjett og økon.styring
35. Komm.styrevedtak 28.10.14, sak 52/14 – Endring i reglementet for kontrollutvalet
36. Invitasjon – Høstkonferansen for kontrollutvala i Rogaland i Sandnes 20.11.14
37. Innkalling til repr.skapsmøte i HIM IKS på Toraneset 25.11.14 kl 15.00
38. Tilbakemelding til FM- vedr oppfølging av avvik etter beredskapstilsyn 04.06.14

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Referatsak 28 ble meldt inn av utvalsleiar 07.10.14 og oversendt postmottak neste dag .
Oversending og avisklipp følger vedlagt.

Sakene 29 og 30 blei tatt opp under Eventuelt i sist møte og det blei i møtet opplyst frå rådmannen at det ville bli gjeve informasjon om dette i møtet i november.


Særutskrift frå møtet 24.09.13, sak 12/13, tilbakemelding frå teknisk sjef, dagsett 13.09.13 og 10.05.12 følgjer til orientering.

Det er ikke mottatt noko skriftleg før undesending av sakspapirer.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene nr 28 – 38 blir tatt til orientering.

Aksdal, 04.11.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Avsender Jakob Alstveit <jakob_alstveit@hotmail.com>
Mottaker tha@kontrollutvalgene.no <tha@kontrollutvalgene.no>
Dato 06.10.2014 13:48



Viser til telefonsamtale i dag den 06.10.14.

Bryt Tysvær kommune jordbrukslova?

Viser til innlegg i Tysvær Bygdeblad den 2. oktober 2014.

Der hevdar ein kommunestyre-representant/medlem av tek.utval at kommunen sin administrasjon bryt jordlova i frådelingssaker.

Eg synest det hadde vore greitt og fått ei orientering kring dette frå rådmannen/tek.sjef i kontrollutvalsmøtet den 11. november 2014.

Mvh.

Jakob Alstveit

2013 har nye reglar gjeldt for deling av landbrukseigedom. Det har Tysvær kommune framleis ikkje fått med seg.

Av Mona Terjesen


Førre veke hadde teknisk utval møte. I samband med ein par-sellsøknad, var dei på synfaring på Nedstrand. Ein gardeigar ønska å skilje ut ei tomt på eitt mål for bustadeigedom til sonen eller dottera si.

– I slike saker bør kommunen gjere alt dei kan for å seie ja, meiner Arvid Bakken (H) frå teknisk utval.

Provosert

Bakken har sjølv sitte som leiar i utvalet i eitt år, i Arvid Stokkenes sitt fråver. Han framsnakka ei tillating etter synfaringa førre veke, og la inn eit motforslag til administrasjonen sitt nei. Dei andre politikkane i teknisk stemte ja, med unntak av eit av punkta; «Samfunnsmessig er det positivt for den lille bygda. Kommunen har som målsetting å halde oppe busetnaden i alle deler av kommunen». Vidare viste Bakken til Kommunepalaten for 2012-2024, der det står at; levande lokalsamfunn i alle deler av kommunen gir god ressursutnytting og velferd for innbygarane, det bidrar til å oppretthalde landbruksnæringa, og gjer at kulturlandskapen kan haldst ved like».

Dette punktet ville ikkje Senterpartiet ved Asmund Austerheim og Arbeidarpartiet ved Per Moland vere med på.



Arvid Bakken (H) er oppgitt over at verken administrasjonen eller politikkane sett seg godt nok inn i lovar, reglar og saker. Foto: Mona Terjesen

Tysvær Bygdebok
02.10.14

-Bryt
jordbrukslova

– Dei meiner at det ikkje var hald i det, og at det var blåblå politikk. Eg forsøkte å få fram at det er lagt fram endringar på Stortinget. Desse meinte venstresida ikkje er vedtatt, at me må førehalde oss til dagens lov. Dermed stemte dei altså mot dette punktet.

– Handlar det meir om politikk enn å vere løysningsorientert meiner du?

– Ja. Eg blir provosert og irritert over at ein som folkevald ikkje ser kor viktig dette er for dei som søker. Me må vere løysningsorienterte og positive. Eg ønskjer å seie ja, så mykje som mogleg. Me vil jo ha liv i bygdene våre, så i slike saker som dette er det særleg viktig. Sjølv sagt skal me

vere planlojale også, men me må vere så løysningsorienterte som mogleg. Det handlar om innbyggjarane våre, nikkar Bakken.

Stoltenberg-vedtak

I denne saka – som i mange andre liknande, har administrasjonen først sagt nei, før han hamnar på politikkane sitt bord. Også dei kunne og burde vore meir positive og løysningsorienterte meiner Bakken. Etter at han sjekka saka grundigare etter formannskapsmøtet, fann også Høgrepolitikaren ut at punktet i forslaget hans ikkje berre hadde heimel i eit forslag – men ei lovendring, gjort av Stoltenberg-regjeringa(!)

«Dei nye reglane om deling gir auka lokalt handlingsrom til kommunen, og dei skal gjere det enklare å dele frå, dersom søknaden gjeld fradeling til tilleggsjord eller busetnad, opplyser regjeringa på sine sider».

Den nye lovbestemminga har gjelde frå 1. juli 2013. Med andre ord kunne Tysvær kommune i over eitt år, gitt fleire parsellsøknadar tommelen opp – med heimel i lova.

– Det er ganske tragisk at administrasjonen ikkje har fått med seg desse endringane i jordbrukslova. Eg høyrte sjølv med dei og sjekka eldre saker. Ein kunne kanskje fått eit anna utfall i fleire saker, om ein hadde kjent til end-

ringane før. At eg som politikk, skal måtte bruke masse tid på å finne ut av dette, er feil. Kommunen sine tilsette burde følgje betre med, og politikkane skulle blitt opplyst før sakene kjem.

Neste møte i teknisk utval er 30. oktober, då kjem Arvid Bakken til å ta opp endringane i jordbrukslova – som altså har gjelde sidan sommaren i fjor.

– At venstresida går imot punkt i mitt forslag, fordi dei meiner det er blåblå politikk, så er det deira regjering som har gjort vedtaket eg referer til... det er tydeleg at fleire burde sette seg skikkeleg inn i saker, og tenkt meir på innbyggjarane enn eigen stahet, avsluttar Bakken.



Emne **Innkalling til kontrollutvalet - orientering om jordlova**

Avsender Toril Hallsjø <tha@kontrollutvalgene.no>

Mottaker Tysvær kommune postmottak
<post@tysver.kommune.no>

Kopi til Vallestad Arvid <arvid.vallestad@tysver.kommune.no>, Stakkestad Harald
<harald.stakkestad@tysver.kommune.no>, <bjorn.bruaset@tysver.kommune.no>, Alstveit Jakob
<jakob_alstveit@hotmail.com>, Nemeth Laila <laila.nemeth@helse-fonna.no>, Førland Tormod
<tormod@privatsykehuset.no>, Egge Gunnar <bo-egg@online.no>, Rettedal Randi <ri-rett@frisurf.no>

Blindkopi til Høie Odd Gunnar <ogh@kontrollutvalgene.no>

Dato 07.10.2014 09:59

Tysvær kommune

v/postmottak

Kontrollutvalgets hovedoppgave er å påse at kommunestyrets vedtak blir fulgt opp, at innbyggerne får de tjenester som de har krav på, og at kommunen følger lover og regler og har en forsvarlig revisjonsordning.

Det vises til oversendelse fra leder av kontrollutvalget i går om oppslag i Tysvær Bygdablad 02.10.14 om jordlova og reglementet for Tysvær kontrollutvalg under pkt 6: "*Rådmannen eller andre tilsette i kommune kan bli innkalla til kontrollutvalet for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle.*

Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehand".

Dersom det er mulig /ønskelig kan skriftlig dokumentasjon oversendes sekretariatet en uke før møtet, som er tirsdag 11. november kl 18.00, dvs innen 4. november.

Sekretariatet viser også til brev datert 17.09.14, sendt 23.09.14 om saker som ble tatt opp under Eventuelt i møtet 09.09.14 som omhandlet blant annet *Prosjekt kommunale avgifter og budsjettsprekk i byggeprosjekter* og hvor det også er forutsatt en orientering av rådmann og teknisk sjef.

Mvh

Toril Hallsjø

Daglig leder

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
P.b 57 / Tysvær rådhus
5575 AKSDAL

tha@kontrollutvalgene.no
tlf 52 75 73 50 mobil 95 98 69 79

----- Opprinnelig melding -----

Emne:

Dato:06.10.2014 13:48

Avsender:Jakob Alstveit <jakob_alstveit@hotmail.com>

Mottaker:"tha@kontrollutvalgene.no" <tha@kontrollutvalgene.no>

Viser til telefonsamtale i dag den 06.10.14.

Bryt Tysvær kommune jordbrukslova?

TYSVÆR KONTROLLUTVAL**SÆRUTSKRIFT**

Tysdag **24. september 2013** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiding av utvalsleiar Jakob Alstveit.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, Kårstørommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.05
MØTANDE MEDLEMMER:	Jakob Alstveit (Sp), Laila R. Nemeth (A), Randi Rettedal (Frp) og Tormod Førland (H)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Hanna Marit Molland (A), 1. varamedlem
FORFALL:	Gunnar Egge (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Teknisk sjef Per Ørpetveit i sak 12/13
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Rettedal varsla sak under Eventuelt

FØLGJANDE SAK BLEI HANDSAMA:**SAK 12/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 24.09.13**

17. Tilbakemelding til kontrollutvalet vedk. sak om kommunale utgifter v/teknisk sjef
18. Revisor Trond Kampen – overgang frå KPMG AS til Haugaland Kraft AS
19. Utgifter knytta til kontroll og revisjon – regnskapstall 2012 og 1. halvår 2013
20. Kommunebarometeret 2013
21. FKT- konferansen 2014 i Haugesund på Rica Maritim
22. Statusoversikt pr. sept. 2013
23. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m. – eigenkontroll mv.
24. Kommunerevisoren nr. 3-13 «Antikorrupsjon i kommunene – mer enn kontroll»
25. Handbok i antikorrupsjon «Beskytt kommunen»

Handsaming i kontrollutvalet 24.09.13

Teknisk sjef gikk igjennom notat frå 13.09.13 om kva som var gjort og skulle gjerast i tida framover. Mykje var rydda opp i frå i fjor, men det var ennå mykje igjen. Det er m.a. innført ny rutinar og skjema for røyrleggjarmelding og tilknytingsavgift. Det hadde vore mange klagar og møte etter skifte av firma for slamtømming. Feil ved fakturering i haust som skyldast dataproblem. Etter omorganisering er det no eige avdeling for veg og VA (vann og avløp). Avdelinga vil fortsette ryddearbeidet. Konsulentfirma er engasjert å lage kart over leidningar.

Utvalet peika på at det var viktig å ha ei innkrevjing som er rettferdig. For gamle «synder» blei amnesti nemnd som eit virkemiddel. Utvalet ønskte teknisk sjef tilbake om eit års tid for ei ny statusoppdatering.

Utvalet og han såg fram til forvaltningsrevisjonsrapporten om vedlikehald av bygg og anlegg, som var lova ferdig seinare i haust. Kommunen forvaltar her store verdiar.

Sekretær lova å sende ut meir opplysningar om kommunebarometeret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.09.13:

Kontrollutvalet tar referatsakene 17 - 25 til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer ny statusoppdatering om arbeidet med kommunale avgifter til fyrste møte hausten 2014.

Rett utskrift:



Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær



Tysvær kontrollutvalg

Haugaland
kontrollutvalgssekret
Mottatt dato:
Journalfor. i
Arkivkode.**TILBAKEMELDING TIL KONTROLLUTVALGET VEDR. SAK OM
KOMMUNALE AVGIFTER**

Kontrollutvalget ba i møte 28.05.13 om statusoppdatering for arbeidet i *Prosjekt kommunale avgifter*.

Prosjekt- og arbeidsgruppe har siden november 2012 gjort følgende:

- ryddet opp i gamle, ubehandlede rørleggermeldinger
- utarbeidet nytt, digitalt skjema for rørleggermelding og ferdigmeldingsskjema
- laget rutiner og lagt inn standard tekst for tilknytningsavgifter i forb. med byggesaker
- innført varslingsrutiner for kontroll av VA-anlegg/-tilkoblinger
- utarbeidet ny VA-norm og veileder
- oppdatert ledningskartverk

Prioriterte oppgaver i tida framover:

- utarbeidelse av lokal forskrift inkl. tvungen påkobling
- kontroll av ulovlige tilkoblinger og utslipp
- gjennomgang/kontroll av avgiftsgrunnlaget (matrikke-/eiendomsopplysninger)

Det er fra nyttår inngått ny avtale med privat firma for slamtømming. Kommunen har i en «innkjøringsperiode» mottatt en del klager på manglende tømming og skader m.m. Alle slamavskillere samt olje- og fettavskillere og sandfangkummer skal nå registreres og måles inn elektronisk.

Ved fakturering av kommunale avgifter for 3. kvartal er det oppstått feil ved overføring mellom datasystemene. Dette har ført til at en del abonnenter har fått feil faktura. Det arbeides med å rette opp feilene.

Fra og med 1. september er veg og VA blitt egen avdeling, og nytilsatt avdelingsleder vil nå engansjere seg i det videre arbeidet å rydde opp i feil med kommunale avgifter. Dette arbeidet har vist seg å være svært ressurskrevende og vil ikke kunne fullføres før i 2014.

Med hilsen

Per Ørpetveit
Teknisk sjef

Kopi: rådmannen



Rådmann Arvid S. Vallestad

Hgl. Khr. utv. seks. IKS
15.05.12
12/145/216/THA**TILBAKEMELDING TIL KONTROLLUTVALET VEDRØRENDE
KOMMUNALE AVGIFTER- TEKNISK**

Tysvær kontrollutval kom i møte 13. mars 2012 med følgende forespørsel til rådmannen:

Korleis praktiserer administrasjonen forvaltning og innkjevjing av kommunale avgifter for vatn, avløp, feiing o.l.? Kontrollutvalet vil spesielt ha tilbakemelding om rutinar og mynde knytte til søknad av endring eller fritak og praktisering og registrering av avvik.

Kontrollutvalet ønsket skriftlig tilbakemelding og at eventuelt noen fra administrasjonen orienterer på møtet i utvalget 22. mai.

System og fakturering

Resultatområde teknisk registrer kommunale avgifter for hver eiendom (gnr/bnr) i datasystemet KomTek. Data/filer blir overført til økonomiavdelingen til systemet KomFakt for utfakturering. Fakturing foretas i 2 terminer pr. år – vår/høst. Økonomiavdelingen har ansvar for innfordringen og behandler søknader om betalingsutsettelse.

Saksbehandling

Resultatområde teknisk behandler søknader om fritak og endringer i kommunale avgifter. All saksbehandling skal foretas skriftlig og utføres via saksbehandler-/arkivsystemet Ephorte. Tidligere skal det ha blitt foretatt en del muntlig saksbehandling via telefon.

Regelverk

Gebyrregulativ for kommunale avgifter vedtas hvert år i forbindelse med budsjettbehandlingen.

Det er utarbeidet forskrift for feiing og tilsyn, og denne ble gjort gjeldene fra 01.01.2011.

Resultatområde teknisk har også utarbeidet forslag til forskrifter for vann og avløp, men disse forskriftene ble ikke vedtatt da kommunestyret behandlet saken 14.12.2011. Kommunestyret ønsket ikke innføring av vannmålere for boliger. Det ble vedtatt at nytt regelverk skal utarbeides og at areal skal legges til grunn for utregning av vann- og avløpsgebyret. Pr. i dag er forslag til slik forskrift/reglement ikke utarbeidet. Videre må det påpekes mye feil og mangler i grunnlaget i matrikkelføringen (arealer, avløpsanlegg/septikktanker m.m.) for boliger og næringsbygg. Dette er det igangsatt prosjektarbeid for å forbedre.

Regelverket for renovasjon er hjemlet i renovasjonsforskrift for HIM, og denne ble vedtatt av Tysvær kommunestyre 23.09.2008. Renovasjonsordningen organiseres og utføres av HIM. Resultatområde teknisk saksbehandler søknader og fritak og endringer, og kommunen utfakturerer renovasjonsavgift. HIM vil kunne overta denne saksbehandlingen og faktureringen fra 01.01.2013.

Oppsummering/konklusjon

For å kunne sikre innbyggerne i Tysvær ”korrekte/rettferdige” kommunale avgifter må følgende komme på plass:

- 1) Vedtatte forskrifter for vann- og avløpsavgifter
- 2) Oppdatert matrikkelføring for alle boliger og næringsbygg
- 3) Oppdatering av data i KomTek

Oppdatering av matrikkelføringen og data i KomTek inklusiv nødvendig objektkontroll vil kreve ekstra personalressurser.

Dersom all saksbehandling og fakturering av renovasjonsavgifter blir overført til HIM vil noe personalressurser kunne frigjøres og nyttes til oppdatering av data i KomTek.

Med hilsen

Per Ørpetveit
Teknisk sjef

Emne **VS: Kontrollutvalget 09.09.14 kl 18.00 - saker under eventuelt**

Avsender Vallestad, Arvid Ståle
<Arvid.Vallestad@tysver.kommune.no>

Mottaker Bruaset, Bjørn <Bjorn.Bruaset@tysver.kommune.no>
Stakkestad, Harald
<Harald.Stakkestad@tysver.kommune.no>,
Kopi til <jakob_alstveit@hotmail.com>,
<tormod@privatsykehuset.no>,
<tha@kontrollutvalgene.no>

Dato 03.09.2014 14:25



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato:
Journalført:
Arkivkode:

Hei!

Jeg har avtalt med Torill Hallsjø at rådmannen/adm. svarer på disse to spørsmålene i kontrollutvalgsmøtet 11.11.

Budsjettsprekk bygge- og anleggsprosjekter var oppe som spørsmålsstilling også i teknisk utvalg i siste møte, og rådmannen har lovet utvalget tilbakemelding på hvorfor og hva vi kan gjøre for å forebygge slike avvik. Det trenger vi litt tid til å gjennomgå administrativt, og den tilbakemeldingen vi gir teknisk utvalg vil også være relevant for kontrollutvalget. Vi kan for Førresdalen barnehage også legge til rette for gjennomgang av referater fra byggemøter, m.v., dersom kontrollutvalget ønsker å gå grundigere inn i saken. Men det kan utvalget muligens ta stilling til etter at rådmannen/ teknisk sjef har gitt sin orientering i møte 11.11?

Vedr. håndtering av kommunale avgifter orienterte daværende teknisk sjef Per Ørpetveit om dette i et kontrollutvalgsmøte for en tid tilbake. Torill Hallsjø sender relevant saksdokumentasjon til ny teknisk sjef Bjørn Bruaset som forbereder svar i kontrollutvalgsmøtet 11.11.

Mvh.

Arvid S. Vallestad
Rådmann

TYSVÆR KOMMUNE - RÅDHUSET - 5575 AKSDAL

Tel. + 47 52757051 - Mob. + 47 90055033

E-post arvid.vallestad@tysver.kommune.no

Fra: Toril Hallsjø [mailto:tha@kontrollutvalgene.no]

Sendt: 3. september 2014 13:52

Til: Vallestad, Arvid Ståle

Kopi: Alstveit Jakob; Bruaset, Bjørn; Førland Tormod

Emne: Kontrollutvalget 09.09.14 kl 18.00 - saker under eventuelt

Hei,

viser til e-post fra Tormod Førland og lurar på om dette han etterspør kan svares på i møtet nå på tirsdag eller



Kontrollutvalet i Tysvær

Statusoversikt november 2014

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
<i>Nytt prosjekt</i>	03.02.15	timer	Under førebuing	juni/juli 2015	KPMG as
Selskapskontroller					
<i>Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS</i>	09.09.14, sak 19/14	38 timer (380 t.)	Under arbeid	februar 2015	Deloitte as
Andre saker					


Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
<i>Vedlikehold av komm. bygg og anlegg»</i>	28.05.13, sak 16/13	12.11.13, sak 21/13	26.11.13, sak 62/13	Hausten 2014	
<i>«Budsjet – og økonomistyring»</i>	11.02.14; sak 10/14	09.09.14, sak 18/14	28.10.14, sak 51/14	Juni 2015	inntil 200 t
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS	09.09.14, sak 19/14	Våren 2015			38 timer
Andre saker					

Avslutta prosjekter pr. august

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016	22.05.12 sak 11/12	20.11.12, sak 23/12	08.12.12 Sak 91/12	I 4-års perioden	
Selskapskontroll					
Plan for selskapskontroll 2012- 2016	–	18.09.12, sak 18/12	08.12.12 sak 92/12	I 4-års perioden	
Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS	24.05.12 sak 11/12	05.03.13, sak 3/13	19.03.13 sak /13	26.11.13, sak 61/13	
Andre saker					

Ser på hva du vil



KONTROLL: Politikere har bestilt kontroll av Haugaland Kraft AS, her representert ved direktør Olav Linga. Arkivfoto: Einar Tho

Kontrollerer Haugaland Kraft

Kontrollutvalgene i eierkommunene spleiser på selskapskontroll av Haugaland Kraft AS.

Hgsds Avis 15.10.14



ESPEN LØVVIK
Publisert 15.10.14
SIST OPPDATERT 15.10.2014 10:45

POLITIKK: Kontrollutvalgene på Haugalandet har i høst gått sammen om å få utført en selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og det heleide datterselskapet Haugaland Næringspark AS.

Revisjonsfirmaet Deloitte skal gjennomføre kontrollen og kommunene som eier Haugaland Kraft spleiser på utgiftene.

Det var politikere i kontroll-utvalget i Karmøy som tok initiativet og spurte om kollegene i de andre kommunene ville bli med. Rapporten skal være klar til våren.

– Hovedformålet er å undersøke om selskapene har etablert system og rutiner for å sikre at selskapene driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Temaer som er valgt ut omfatter blant annet elersignaler, retningslinjer for innkjøp, sponning, etisk adferd, HMS og beredskap, utdyper Simon Næsse (Ap), som er leder for kontrollutvalget i Karmøy.

Haugaland Kraft (HK) hadde per 31.12.2013 262 ansatte og omsatte for drøyt en milliard kroner. HK eies av kommunene Karmøy (44,84 %), Haugesund (31,97 %), Tysvær (9,80 %), Vindafjord (6,85 %), Sveio (5,05 %), Bokn (1,08 %) og Utsira (0,41 %).



TYSVÆR KOMMUNE

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 03.11.14
Journalført: 4/38/14ha
Arkivkode: 216

Særutskrift

Dato: 14.10.2014
Saksnr.: 2011/3200
Løpenr.: 29418/2014
Arkiv: 216
Sakshandsamar: Liv Jorunn Frønsdal

REVISJONSAVTALE - BRUK AV OPSJON

Saksnr	Utval	Møtedato
50/14	Kommunestyret	28.10.2014

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Tysvær kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 28.10.2014

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 28.10.2014

Tysvær kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Tysvær kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.



FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - BUDSJETT OG ØKONOMISTYRING I TYSVÆR KOMMUNE

Saksnr	Utval	Møtedato
51/14	Kommunestyret	28.10.2014

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Budsjetto og økonomistyring – Tysvær kommune 2014» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, som:
 - å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid
 - å etablere meir formaliserte og etterprøvbare rapporteringsrutinar for månadsrapportering
 - å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva
 - å utarbeide ein felles definisjon/norm på kva som er eit avvik, og deretter kommunisere dette ut til alle som har eit økonomiansvar,
 - i større grad prioriterer avvikshandtering og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månadar etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 28.10.2014

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 28.10.2014

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Budsjett og økonomistyring – Tysvær kommune 2014» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, som:
 - å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid
 - å etablere meir formaliserte og etterprøvbare rapporteringsrutinar for månadsrapportering
 - å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva
 - å utarbeide ein felles definisjon/norm på kva som er eit avvik, og deretter kommunisere dette ut til alle som har eit økonomiansvar,
 - i større grad prioriterer avvikshandtering og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månadar etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.


TYSVÆR KOMMUNE

Haugaland

Kontrollutvalgssekretariat IKS

Særutskrift

Mottatt dato: 3.11.14

Journalført: 14/3821 tha

Arkivkode: 023

Dato: 14.10.2014

Saksnr.: 2012/66

Løpenr.: 29344/2014

Arkiv: 026

Sakshandsamar: Liv Jorunn Frønsdal

ENDRING I REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

Saksnr	Utval	Møtedato
52/14	Kommunestyret	28.10.2014

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kommunestyre vedtek å oppdatere reglement for Tysvær kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.

Innleiinga til kapittel 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 28.10.2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 28.10.2014

Tysvær kommunestyre vedtek å oppdatere reglement for Tysvær kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.

Innleiinga til kapittel 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2014

Quality Hotel Residence, Sandnes

20. november 2014

Tema for årets konferanse er **ERFARINGSUTVEKSLING**. Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Vi har invitert noen kontrollutvalgsledere til å dele sine erfaringer med oss. Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til de tre første innleggene.

PROGRAM

- | | |
|-------|---|
| 10:00 | Velkommen
<i>Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget</i> |
| 10:05 | Granskning av Uni-K AS
<i>Torleif Lothe, Leder av kontrollutvalget i Haugesund kommune</i> |
| 10:45 | Pause |
| 11:00 | Utfordrende saker for kontrollutvalgene
<i>Steinar Torgersen, Leder av kontrollutvalget i Stavanger kommune</i> |
| 11:45 | Årsmøte 2014 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland |
| 12:00 | Lunsj |
| 13:00 | Hvordan gjøre kontrollutvalgets arbeid givende og spennende
<i>Trond Roy Pedersen, leder av kontrollutvalget i Time kommune</i> |
| 13:45 | Pause |
| 14:00 | Medieblikk
<i>Ståle Frafjord, Journalist</i> |
| 14:45 | Avslutning |

Pris **kr 900.-** pr. person

Påmelding innen **7. november** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Du kan også melde deg på ved å ringe tlf. 51 51 69 85 / 97 09 03 18. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune



HIM
Telefon 52 76 50 50
Telefax 52 76 50 51
e-post: him@him.as

Representantskapet

Dato 27.10.14

INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK TIRSDAG 25. NOVEMBER KL 15.00

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. **Møtet holdes tirsdag 25.11.14 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 46. Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Ordfører Kyrre Lindanger, 5561 Bokn
Bokn	May Jorunn Vatnaland, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Sigve Sørheim, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Gunlaug Pedersen, Mæland, 5590 Etne
Haugesund	Norman Thune jr, Norrønagata 19, 5529 Haugesund
Haugesund	Torleiv Kvalvik, Haugaleite 24, 5515 Haugesund
Haugesund	Arne Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Haugesund	Alf Edvinson, Valhallgata 5, 5531 Haugesund
Tysvær	Ordfører Harald A. Stakkestad, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Lars Birger Baustad, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Skartland, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat (kun pr e-post etter avtale)
Styreleder i HIM, Geir Worum, Stjørdalsvn. 20, 5515 Haugesund

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Anita Kro, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Ingrid T. Rein, Tambarskjelves gate 12, 5523 Haugesund
Tysvær	Varaordfører Kristine Aurdal, 5576 Tysværvåg
Vindafjord	Tove Elise Frøland, Kårhus, 5578 Nedre Vats

Følgende deltakerkommuner er varslet:

Bokn kommune, ordføreren, 5561 Bokn
Etne kommune, ordføreren, Postboks 54, 5591 Etne
Haugesund kommune, ordføreren, Postboks 2160, 5504 Haugesund
Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal
Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

oktober 24, 2014

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av sakliste

Referat- og orienteringssaker:

14.05 Protokoll fra møte i representantskapet 21.05.14

14.06 Presentasjon av høstens kundeundersøkelse ved MomentAnalyse v/Christian Dversnes

14.07 Orientering om avfallsbransjen/HIM pr nov. 2014 v/Gro Staveland


Vedtakssaker:

14.07 Budsjet 2015 og økonomiplan 2015 – 2018

Eventuelt:

Ordet fritt

Kyrre Lindanger
Leder repr.skapet


Gro Staveland
Adm direktør



Fylkesmannen i Rogaland

Postboks 59
4001 Stavanger

03.11.14
14/384/the
217

OPPFØLGING AV AVVIK ETTER TILSYN MED SAMFUNNS- TRYGGLEIK OG BEREDSKAP I TYSVÆR KOMMUNE 4. JUNI 2014

Det vert vist til brev og endeleg rapport etter tilsynet 4. juni 2014 av 18. september 2014.

Tysvær kommune har følgjande plan for oppfølging for å lukke dei 4 avvika:

1. Arbeidet med slutføring av heilskapleg kommuneROS vert avslutta av nedsett arbeidsgruppe innan 1. februar 2015. ROS-analysen vert fremma for politisk handsaming i februar/mars saman med revidert overordna kriseberedskapsplan.
2. Langsiktige mål for beredskapsarbeidet, strategiar og plan for oppfølging vert tatt inn i justert samfunnsdel, budsjett- og økonomiplanen og i heilskapleg kommuneROS.
3. Overordna beredskapsplan vert revidert samtidig med slutføring av arbeidet med heilskapleg kommune ROS og fremma for politisk handsaming i februar/mars 2015.
4. Kommunen arbeider systematisk med å forbetre beredskapsarbeidet og har utarbeida årsplan beredskap 2014/2015 med tiltaksliste for å følgje opp arbeidet. Evaluering etter øvingar og system for opplæring er tiltak i årsplanen.

Med helsing
Tysvær kommune

Linda Christine Olsen
Plansjef/beredskapskoordinator

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.



ÅRSPLAN KRISEBEREDSKAP 2014 -2015

Revidert sist 28.10.2014

KRISEBEREDSKAP I TYSVÆR.

Beredskapsarbeidet i Tysvær kommune treng auka fokus både på leiarnivå og elles i organisasjonen. Denne reviderte årsplanen for 2014/2015 er kriseleiinga og arbeidsgruppe beredskap sitt verktøy og viser tiltak og oppgåver som treng å løysast eller avklarast i samband med det overordna beredskapsarbeidet.

Ny lov i 2010 og ny forskrift i 2011 set krav om heilskapleg beredskapsarbeid i kommunane. Jfr. veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt (DSB feb. 2012) for korleis arbeidet og årshjulet for arbeidet bør fungere. Ny veileidar for heilskapleg kommuneROS kom omsider i august 2014 og viser forventningar og krav til innhald i heilskapleg kommuneROS.

Tysvær kommune har hatt tilsyn frå fylkesmannen både i 2011 og sist i juni 2014. Tilsynsrapporten frå september 2014 viser følgjande 4 avvik som vi må jobbe for å lukke:

- Manglande heilskapleg kommuneROS
- Manglar mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging basert på heilskapleg kommuneROS
- Manglar kriseberedskapsplan basert på kommuneROS
- Manglar evaluering etter øvingar og system for opplæring

Fylkesmannen har bedt om ei tilbakemelding innan 31.10.2014 på korleis vi vil jobbe for å lukke avvika.

I. ORGANISERING OG ANSVAR:

Det overordna ansvaret for kriseberedskap innan alle arbeidsområder er lagt til kommunestyret som har delegert ansvaret til rådmann. Nødetatane og politiet (110 – 112 – 113) har ansvaret for den daglege beredskapen i kommunen med politiet som skadestadsleiar og samordnar ved ulykker. I akutfasen vil det normalt vere nødetatane i samarbeid med kommunens brannsjef eller kommuneoverlege som har ansvaret for å leie krisa etter fullmakt frå kommunestyret og rådmannen.

Beredskapsleiar:	Rådmann Arvid Vallestad
Brannsjef:	Ole Martin Nordstrand
Kommuneoverlege:	Lars Johan Lysen

Tysvær har i gjeldande kriseberedskapsplan frå januar 2014 ei kriseleiing som blir kalla saman ved større ulykker eller uønska hendingar. Kommunen har og eit beredskapsråd, men dette organet har ikkje hatt nokon sentral funksjon i beredskapsarbeidet så langt. Rolla til beredskapsrådet er å vere eit samarbeids- og koordineringsorgan som gir innspel til planarbeid, rutiner og kriseleiing.

Dagens kriseleiing er rådmannsgruppa, ordførar og leiar av fellessekreteriat (loggførar).

Då rådmannsgruppa er stor, vart det i ny kriseberedskapsplan 15.01.2014 innført ei 2 delt kriseleiing der ein i første fase berre kallar inn dei som har eit særskilt ansvarsområde, og der heile rådmannsgruppa vert innkalla seinare dersom krisas omfang og art krev det. Sjå flytdiagrammet under.

Overordna kriseleiing (meldingsfasen) :

Rådmann Arvid S. Vallestad – leiar

Teknisk sjef Bjørn Bruaset – brann, redning, VAR, forureining, m.m.

Helse- og førebyggingssjef Jorid Veia Isdahl - helsemessig beredskap, psykososialt beredskapsteam

Kultursjef Ingvar Frøyland - informasjonsansvarleg

Plansjef Linda Christine Olsen – beredskapskontakt/koordinator, ansvar for planverk, rutiner, m.m.

Leiar fellessekretariat – beredskapskoordinator, loggførar m.m.

Ordførar Harald Stakkestad

Kriseleiing - etablert krisesituasjon:

1. Heile eller deler av rådmannsgruppa, ordførar + leiar fellessekretariatet
2. Gruppe for klarlagt kriseløysning (overordna kriseleiing avgjer kven som skal innkallast)

Arbeidsgruppe beredskap pr. okt. 2014:

Bjørn Bruaset

Ole Martin Nordskog

Ove Hansen

Torstein Holtskog

Liv Jorunn Frønsdal




Fig. Org. plan / flytskjema kriseberedskap

II. ØKONOMISKE RESSURSER:

Budsjett og økonomiplan 2014-2017:

Opplæring:

Det er sett av midla til kurs, opplæring og oppgaver på resultatområde som har beredskapsansvar.

Nytt naudnett:

Auka driftskostnader	– Kr. 282.000,- pr. år.
Lisenskostnader	– Kr. 310.000,- pr. år
Investeringar	– Kr. 592.000,- i 2014

Styrking av brannførebyggjande arbeid:

0,84 årsverk – ny stilling som brannverningeniør – Kr. 679.000 pr år.

Vert avventa til interkommunalt samarbeid er vurdert.

Dimensjoneringskravet til førebyggjande brannvern er ikkje oppfylt då ein førebels ikkje har besatt denne stillinga – avvik frå DSB !

Investeringar:

Utbygging og ombygging Nedstrand brannstasjon – 1 mill i 2014 og 1 mill i 2015

Brannbil Nedstrand – 1 mill i 2015 og 1 mill i 2016

Nytt beredskapsrom kommunehuset – under realisering, jfr. tidlegare avsetningar

Det er foreslått å sette av ein sum på kr. 50.000 pr. år for mindre innkjøp, oppgaver for overordna kriseleiing i budsjett- og økonomiplan 2015-2018.

Investeringar i nytt serverrom er foreslått av IT.

Kommunens kriseleiing m.fl. bør bestille prioritert abonnement frå Telenor.

Dette kostar ca. kr. 300 ekstra pr. mnd. (15 stk. – ca. kr. 60.00 pr. år.)

III. OPPLÆRING OG KOMPETANSE:

Det er behov for å lære opp nye tilsette med beredskapsansvar i oppgaver og ansvar.

Beredskap er prioritert og sett på dagsorden i rådmannsgruppa. Rådmannsgruppa og alle leiarane i kommunen og andre med beredskapsansvar skal gå gjennom kriseberedskapsplanen jevnleg og minimum 1 gong kvart år. Innspel til revidert planen vert sett på dagsorden i resultatområde og stabar i oktober-desember.

Kriseleiinga bruker fylkesmannens sitt krisekommunikasjonsverktøy CIM.

Nytt kurs og opplegg for arbeidsgruppe og kriseleiing vert gjort rundt årskifte.

Liv Jorunn, Hilde og Linda deltar på kurs og lærer opp resten av rådmannsgruppa / event ny avtale med FMR eller Karmøy kommune.

Tilsette med beredskapsansvar har ansvar for implementering av beredskapssystemet i det kommunedekkande kvalitetssystemet Risk Manager.

Rådmannen sørger for sikkerheitsklarering av utvalde medlemmer av kriseleiinga i samarbeid med fylkesmannen sin beredskapssjef.

Tysværtunkonferansen – opplæring av leiargruppa. Jfr. orientering om nytt regelverk, overordna ROS og ny beredskapsplan på konferansen i desember 2013. Nytt tema innan beredskap på konferansen hausten 2014 vert informasjon og kriseberedskap.

IV. AKTIVITETAR I 2014:

JANUAR - OKTOBER:

Ny beredskapsplan vert gjort gjeldande frå 15.1.2014	- OK
Kopi til tilsette på distribusjonslista + signere for gjennomgang av planen	- OK
Kontakt USB varslingsliste for å endre rekkefølge	- OK
Info til ordførar og formannskap OS 21.1.2014	- OK
Sikkerhetskonsferansen i Stavanger 9.1.2014	- OK
Info om kriseberedskap på kommunens nettside	- OK
7.4 – Møte med Statoil for å evaluere øvelse Landrør 2013 + drøfte varslingsrutiner, info, pårørende/evakuerte m.m.	- OK
23.4 – IUA – Iverandør opplæring Arabrot – teknisk v/ brann/ redning	- OK
Rigging av beredskapsrommet i formannskapsalen	- OK
Nettverksamling samfunnsikkerhet og beredskap, Haugesund	- OK
Politisk sak interkommunalt brannsam arbeid – 13 kommuner	- OK
Teknisk 8.5, FSK 20.5, KST 17.6	
Tilsyn – fylkesmannen i Rogaland 4. juni	- OK
NT befolkningsvarslingsliste og rutiner 110 sentralen sendt ut som tillegg til kriseberedskapsplanen	- OK
Planlegging av nytt beredskapsrom	- OK
Nyoppretta arbeidsgruppe i arbeid frå okt. 2014	- OK
Brann workshop 22.10 AO: Institusjonar og bustader.	- (Annbjörg m.fl.)

OKTOBER – DESEMBER – NYÅRET 2015 :

Møte i Karmøy om felles heilskapleg ROS i regionen 29.10	-(Linda)
Tilbakemelding framdrift fylkesmannen innar 31.10	- (Linda)
OS sak kommuneplanutvalet 4.11.2014	- (Linda)
Sikkerhetskonsklaring medlemmer av kriseleiinga	- (rådmann,Linda)
Erfaringar frå hendingar dette året må evaluerast (terrortrussel, skogbrann, vannmangel, trafikkulykke E39, brann i institusjon, stumstans m. varmt serverrom, IT system, nettside og sentralbord nede i 10-15 timar. Jf.r og avviksmeldingar i kvalitetsystemet	-(Linda m.fl.)
Tysværtungskonsferansen 3.12– tema informasjon og kriseberedskap	- (Kristin, Ingvar)
CIM kurs – jfr og øvelsesmodul – fylkesmannens repr, uteble 3.9	
Liv F`Jorunn avtaler ny dato for redusert gruppe som tar opplæring for rådmannsgruppa m.fl. etterpå. Frist - rundt årskifte	- (Liv Jorunn)
Betre system befolkningsvarslingsliste. Rutiner for 110-sentralen. Avtal møte –	(Linda)
Rutiner intern varslingsliste, varslingslister, rollefordeling, info nettside m.m.	

Arbeidsgruppe beredskap -møte med Statoil vedr. terrorberedskap m.m. nov – (Linda)

Revidere kriseberedskapsplanen innen januar 2015 - (Liv Jorunn, Hilde, Linda)

Kyrkja si rolle i beredskapsarbeidet – svar kyrkjeverge ~~Terje Fjellheim~~ - (Jorid)

Psykososialt beredskapsteam – roller og rutiner - (Jorid)

Vidare arbeid med overordna kommuneROS - (arbeidsgruppa)

Handlingsplanane 1-10 - (arbeidsgruppa)

Handlingsplan for EPS (11) – evakuerings- og pårørandesenter
Arbeidsgruppe i arbeid – skulesjef overta ansvaret for planarbeidet ?
Ta saka opp i nye møter med Statoil og Politiet - (Linda m.fl.)

Kriseberedskap skule, barnehage – Anne Stine Askeland og Astrid Eliassen
lager felles prosedyrer – kjøpt inn tilgang til – www.kriseportalen.no - (Paul, Anne Lise)

Ny DFU – trusler mot barn tas inn i heilskapleg ROS + lage
handlingsplan for kriseleiinga for denne typen hendingar - (Linda,A.S, Astrid)

Implementere beredskapsplan i nytt kvalitetsystem, nye rutiner m.m. - (alle)

Beredskapsrådet si rolle framover – avklaringar med ordførar og formannskap - (Arvid)

Politisk handsaming av ny kommuneROS og Kriseberedskapsplan
(Høyringsutkast vert lagt fram for formannskapet/KPU/FSK på nyåret) - (Linda)

Endeleg politisk godkjenning av kommuneROS og ny beredskapsplan - (Linda)

Brannøvelse – rådhuset - (Liv Jorunn)

Øvelse – sette kriseleiing m.m. - (Bjørn, Linda)

Liasoner (Statoil, politiet)

SLT-koordinator si rolle

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.11.14	22/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	151	

BUDSJETT/ ØKONOMIPLAN FOR TYSVÆR KOMMUNE 2015-2018 – RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG

Bakgrunn

Kontrollutvalet deltek ikkje i sjølve handsaminga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si drift gjennom dei økonomirapporter og orienteringer som blir lagt fram for kommunestyret. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gitt i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt framlegg til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen blei vedtatt i møte 09.09.14, sak 15/14. Forskrifta pålegg kommunen å sørge for at framlegget følgjer formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Som ikkje-mangfoldiggjort vedlegg til denne saka ligg rådmannen sitt framlegg til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. Budsjettframlegget er lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på Ipad. Sekretariatet vil spesielt vise til **budsjettpresentasjonen** som blei presentert på opent møte for folkevalte, administrativ leiing, tilsette sine organisasjonar, presse og andre interessertelagt i kommunestyresalen 03.11.14 og som også ligg på nettsida.

Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarområda.

Frå rådmannens forord siterast følgjande:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2016-2018 handlar om å finne smartare og meir kostnadseffektive måtar å arbeide på, og å legge opp til eit godt og systematisk arbeid med teneste- og samfunnsutvikling i ein kommune i vekst. Det blir, som budsjettframlegget viser, arbeidd godt med overordna planavklaringar som er i ferd med å konkretisere seg i store og små enkelttiltak. Forslaget byggjer på økonomiplan 2014-17, kommunestyrets rammevedtak i juni 2014, utviklinga i budsjettåret 2014 og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2015.

Ved at ein stor del av drifta vår er basert på eigedomsskatt, har Tysvær kommune ved inngangen til økonomiplanperioden ein tenesteproduksjon som netto kosta rundt 20 % meir i 2013 enn snittet for landet og 19 % over Rogaland. Ved vedtak om spareplan på 55 mill. kroner låg vi i 2011 på 27 % over landet og 26 % over Rogaland. Utgiftsutviklinga vår frå 2011 til 2013 har vore rundt 20 mill. kroner lågare enn veksten i landet. Vi har framleis ein god ressursssituasjon, mange fornøgde brukarar og leverer tenester med god kvalitet. Vi har eit netto driftsresultat som tilfredsstiller sentrale myndigheiter sitt krav til «god økonomi», og stabil netto lånegjeld som i 2014 ligg rundt landsgjennomsnitt. Alt dette har vi grunn til å vere godt nøgde med!

Den viktigaste utfordringa er at vi har eit høgt kostnadsnivå og at drifta vår for ein stor del er bygt på eigedomsskatteinntekter frå verk og bruk. Vi er difor avhengige av vidare auke ikkje berre i inntektsoverføringane frå staten, men også i slike inntekter. Vidare har vi ein større lønnsmasse enn vi reelt får kompensert for i dei statlege overføringane. Det er gjort kjent at det på statleg hald blir arbeidd med endringar i gjeldande inntektssystem, både i relasjon til eigedomsskatt på verk og bruk og i kommunereformarbeidet med verknad frå 2017. Slik rådmannen ser det, kan vi få ein mindre god inntektssituasjon på over tid, og treng å førebu oss på det.

Det arbeidet med omstilling og sparing som vart starta i 2008/2009, er nå i ein fase der vi må ta i bruk endringsgrep som krev grundig planavklaring og sterkare politisk forankring. Kommunestyret har tidlegare fastsett eit samla sparekrav for perioden 2013-2018 på 56,5 mill. kroner eller rundt 9 % av netto drift. Rådmannen tilrår i dette framlegget at sparekravet blir auka til 61,5 mill. kroner, for gjennomføring i perioden 2013-2020. Auka tid til gjennomføring skuldast at full sparing føreset eit betre bygningsmessig grunnlag for drifta, og at det tar tid å få dette på plass. Vidare bør vi på plansida ha beredskap for å kunne ta ressursbruken endå meir ned om det blir nødvendig, avhengig av korleis den samla inntektssituasjonen vår utviklar seg i åra som kjem.

Å arbeide så offensivt med omstilling og sparing som vi nå gjer, er sjølvsagt krevjande på alle nivå i organisasjonen, både i politisk og administrativ leiing og ute i tenestene. Men endring er også spanande, og rådmannen opplever at det er god framdrift og mykje positiv energi i arbeidet.

Ei viktig utfordring er at vi har eit godt innarbeidd driftsnivå og at det er store forventningar til kva høginntektskommunen Tysvær skal levere av tenester. For å få verknader som monnar, og legge til rette for ein meir berekraftig tenesteproduksjon, må vi difor arbeide godt og respektfullt med forventningsavklaringar på alle nivå; i politisk leiing, i administrativ leiing, i fagtenestene og i befolkninga. Den mest grunnleggjande utfordringa handlar i eit slikt perspektiv ikkje om økonomi, men om livskvalitet og menneskesyn, om hjelp til sjølvhjelp, og å innrette tenestene våre slik at den enkelte kan vera tilstade i sitt eige liv så mykje og lenge som muleg.


Budsjett, økonomiplan og sak om kommunale avgifter for 2015 vert handsama i formannskapet i møte **02.12.14** og endeleg vedtak vert gjort i kommunestyremøtet **16.12.14**.

Rådmann eller økonomisjef vil gjere greie for hovudtrekka i budsjettet i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar presentasjonen av rådmannens budsjettforslag til budsjett 2015 og økonomiplan for Tysvær kommune 2015-2018 til orientering.

Aksdal, 04.11.14



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.11.14	23/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

VAL AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT FOR LEVERING I 2015

Bakgrunn:

Etter forskrift om kontrollutval skal kommunen *årleg* bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør nå ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å få gjennomført i 2015. Revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet vil då bli lagt fram for utvalet sitt fyrste møte på nyåret.

Kommunestyret vedtok Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 i møte 18.12.12, sak 91/12. Kontrollutvalet har fått delegert mynde å gjere endringar i planen i planperioden dersom dei finn meir høveleg.

Følgjande prosjekt blei sett opp som prioriterte prosjekt:

- ~~Vedlikehald av kommunal bygg~~ (rapport lagd fram hausten 2013)
- ~~Økonomi/budsjett~~ (rapport lagd fram hausten 2014)
- ~~Budsjettoverskrivingar~~ (inngår i rapport om budsjett og økonomistyring)
- ~~Utgifter i skulesektoren~~ (inngår i økonomirapport?)
- Samarbeid på tvers av tenesteområde
- Brannberedskap
- Kommunen som organisasjon
- Internkontroll/kvalitetssystem

Prosjekta har ikkje prioritert rekkefølge og det vil difor vere opp til utvalet å velje ut prosjekt frå denne lista eller evenetuelet eit anna prosjekt. Vedtatt plan inneheld også ein rekkje andre prosjekt som er identifiserte område lista i overordna analyse, som blei utarbeidd av KPMG i 2012. Plan og analyse vert sendt ut som vedlegg til saka.

Konkrete prosjekter kan veljast ut frå:

- opplysningar kome fram under regnskapsrevisjon,
- saker som har vore handsama i kommunestyre og kontrollutval,
- administrasjonens uttalte ønskje og behov,
- erfaringar frå tilsvarende forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgivarar,
- forhold som har vært framme i media, nasjonalt eller lokalt,
- tilsyn utført av fylkesmannen eller anna tilsynsorgan.

Oppslag rundt om i landet om mislighald og uetisk framferd har ført til at mange kontrollutval har ønska å sette søkelys på korleis kommunen arbeider med dette, både generelt og innan meir spesifikke tema. Det blir derfor gjennomført prosjekter innan blant anna:

- etikk og risikostyring - retningslinjer og oppfølging
- innkjøp

Vidare er mange utval merksame når det gjeld tenestetilbodet til spesielt utsette grupper i kommunane. Det gjennomføres prosjekter innan bl.a.:

- barnevern,
- avlastning,
- rusvern,
- spesialundervisning.

Det kan settast søkelys på korleis kommunen møter sine innbyggjarar, og korleis brukarane sjølv opplever tilbodet. Normalt er brukarperspektivet inkludert i alle analyser, men det kan nemnes noen typiske eksemplar som:

- kvalitet i skolesektoren,
- innspel frå innbyggjarane,
- kvalitet og produktivitet i byggesaker,
- utbyggingsområde,
- sjølvkost.

Utvalet kan velje å setje i verk revisjon på andre område enn dei som er inkludert i analysen, t.d. fordi risikotilhøva i kommunen har endra seg.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til fyrste møte i 2015.

Aksdal, 04.11.14

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.11.14	24/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

MØTEPLAN 2015 FOR KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Oversiktskalender 2015

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (4 møte pr. år) er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2015. Dag og tidspunkt for møta er sett opp som før: tysdagar kl. 18.00. Neste år skal det vere kommunestyreval og dato er sett til måndag 14. september. Konstituering av kommunestyret og val av styre, råd og utval må i følge kommunelova skje innan utgangen av oktober månad. Noverande utval vil fungere fram til nytt utval er valt.

Saksorientering:

Første møte i kontrollutvalet på nyåret vil utvalet si årsmelding bli sett på sakslista. I neste møte vil kontrollutvalet gje si innstilling til årsrekneskapen.

Etter forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak før den er handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillingane skal følgje med. Dato for dette møtet vil difor avhenge av når det er planlagt handsaming av rekneskap og årsmelding i formannskapet. I Tyvær har det vore vanleg å handsama rekneskapen i kommunestyremøtet i juni, slik at det har vore greitt å legge dette møtet i slutten av mai.

Kontrollutvala sine møte er opne for presse og publikum og det vil difor ikkje vere så lett som tidlegare å endre møtedato. Møta skal kunngjerast på kommunen si nettside. Dette blei påpeika i 2014. Slik det er i dag er ikkje utvalet sine møte med under «Politisk kalender» og for interesserte er det vanskeleg å vite når neste møte skal vere. Dette må rettast snarast.

Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent.

SEKRETARIATET S ITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Tysvær vedtar følgjande møteplan for 2015:

tysdag **03.02, 26.05, 01.09, 17.11 kl. 18.00.**

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Aksdal, 04.11.14

 Toril Hallsjø
 Dagleg leiar/utvalssekretær

Oversiktskalender 2015 - TYSVÆR KU

Januar 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 1 1 2 3 4 2 5 6 7 8 9 10 11 3 12 13 14 15 16 17 18 4 19 20 21 22 23 24 25 5 26 27 28 29 30 31 5 ○ 13 ● 20 ● 27 ○	Februar 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 5 1 6 2 ③ 4 5 6 7 8 7 9 10 11 12 13 14 15 8 16 17 18 19 20 21 22 9 23 24 25 26 27 28 4 ○ 12 ● 19 ● 25 ○	Mars 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 9 1 10 2 3 4 5 6 7 8 11 9 10 11 12 13 14 15 12 16 17 18 19 20 21 22 13 23 24 25 26 27 28 29 14 30 31 5 ○ 13 ● 20 ● 27 ○
April 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 14 1 2 3 4 5 15 6 7 8 9 10 11 12 16 13 14 15 16 17 18 19 17 20 21 22 23 24 25 26 18 27 28 29 30 4 ○ 12 ● 18 ● 26 ○	Mai 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 18 1 2 3 19 4 5 6 7 8 9 10 20 11 12 13 14 15 16 17 21 18 19 20 21 22 23 24 22 25 ② 26 27 28 29 30 31 4 ○ 11 ● 18 ● 25 ○	Juni 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 23 1 2 3 4 5 6 7 24 8 9 10 11 12 13 14 25 15 16 17 18 19 20 21 26 22 23 24 25 26 27 28 27 29 30 2 ○ 9 ● 16 ● 24 ○
Juli 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 27 1 2 3 4 5 28 6 7 8 9 10 11 12 29 13 14 15 16 17 18 19 30 20 21 22 23 24 25 26 31 27 28 29 30 31 2 ○ 8 ● 16 ● 24 ● 31 ○	August 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 31 1 2 32 3 4 5 6 7 8 9 33 10 11 12 13 14 15 16 34 17 18 19 20 21 22 23 35 24 25 26 27 28 29 30 36 31 7 ● 14 ● 22 ○ 29 ○	September 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 36 ① 2 3 4 5 6 37 7 8 9 10 11 12 13 38 14 15 16 17 18 19 20 39 21 22 23 24 25 26 27 40 28 29 30 5 ● 13 ● 21 ○ 28 ○
Oktober 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 40 1 2 3 4 41 5 6 7 8 9 10 11 42 12 13 14 15 16 17 18 43 19 20 21 22 23 24 25 44 26 27 28 29 30 31 4 ● 13 ● 20 ○ 27 ○	November 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 44 1 45 2 3 4 5 6 7 8 46 9 10 11 12 13 14 15 47 16 ① 17 18 19 20 21 22 48 23 24 25 26 27 28 29 49 30 3 ● 11 ● 19 ○ 25 ○	Desember 2015 Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø 49 1 2 3 4 5 6 50 7 8 9 10 11 12 13 51 14 15 16 17 18 19 20 52 21 22 23 24 25 26 27 53 28 29 30 31 3 ● 11 ● 18 ● 25 ○
1. jan Nyttårsdag 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 11 år 6. feb Samefolkets dag 8. feb Morsdag ♥ 14. feb St. Valentines dag 15. feb Fastelavn 🇳🇴 21. feb Kong Harald, 78 år 20. mar Vårjevndøgn 21. mar Offisielt vårjevndøgn 29. mar Sommertid start 29. mar Palmesøndag 2. apr Skjærtorsdag 3. apr Langfredag	5. apr 1. påskedag 6. apr 2. påskedag 1. mai Off. høgtidsdag 8. mai Frigjøringsdag 1945 14. mai Kr. Himmelfartsdag 17. mai Grunnlovsdag 1814 24. mai 1. pinsedag 25. mai 2. pinsedag 7. jun Unionsoppløsning 1905 21. jun Sommersolverv 23. jun Jonsokaften 4. jul Dronning Sonja, 78 år 20. jul Kronprins Haakon, 42 år 29. jul Olsokdagen	19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 42 år 23. sep Høstjevndøgn 25. okt Sommertid slutt 31. okt Halloween 1. nov Allehelgensdag 8. nov Farsdag 29. nov 1. søndag i advent 13. des Luciadagen 22. des Vintersolverv 🇳🇴 25. des 1. juledag 26. des 2. juledag